

# Delplan for idrett og friluftsliv 2000-2003

## Fedje kommune



# Delplan for idrett og friluftsliv for Fedje kommune

2000-2003

<b>INNLEIING</b> .....	<b>2</b>
<b>Bakgrunn/ saksgang for planarbeidet</b> .....	<b>2</b>
<b>Tema / avgrensing av planområdet. Definisjonar</b> .....	<b>3</b>
Typar aktivitet.....	3
Anleggstypar.....	3
<b>STATUS OVER ANLEGG OG AKTIVITET PÅ FEDJE</b> .....	<b>4</b>
<b>Oversyn anlegg i Fedje kommune:</b> .....	<b>4</b>
<b>Status over aktivitet</b> .....	<b>5</b>
Forskning omkring fysisk aktivitet.....	5
Idrett på Fedje.....	6
Symjehallen.....	7
Bruk av gymnastikksalen .....	8
<b>Friluftsliv</b> .....	<b>8</b>
Friluftslivmeldinga. - St. melding. Nr. 40 (1986-87). .....	8
Friluftsløva .....	9
Friluftsliv på land.....	9
Sjøretta friluftsliv.....	10
<b>MÅLSETJINGAR FOR AKTIVITET</b> .....	<b>11</b>
Idrett og friluftsliv for alle.....	11
<b>BEHOV FOR ANLEGG</b> .....	<b>12</b>
Idrettssal .....	12
Nærmiljøanlegg .....	12
Nærmiljøanlegg og friluftsanlegg.....	12
Friluftsanlegg: .....	13
<b>VURDERINGAR AV MÅL OG DELMÅL</b> .....	<b>13</b>
Hovudmål tilbod om idrett og friluftsliv for alle.....	13
Delmål: bygge anlegg som stimulerer til fleire aktivitetar.....	13
Delmål: Ivareta konkurranseidrettens behov.....	14
Delmål: Anlegg som del av bummiljø.....	14
Delmål: anlegg som stimulere ungdom til aktivitet.....	15

Delmål: anlegg som del av skule og nærmiljø.....	15
Delmål: anlegg tilrettelagt for funksjonshemma.....	15
Delmål: tilretteleggje for dei eldre.....	15
Delmål: tilretteleggje for dei inaktive.....	15
Delmål: sjøretta friluftsanlegg.....	16
Delmål: anlegga fungerer som møtestader.....	16
Delmål: styrke det lokale organisasjonslivet.....	16
<b>PRIORITERTE OPPGÅVER OG ANLEGGsutbygging.....</b>	<b>16</b>
Kortsiktige prioriteringar over fire år.....	16

## Innleiing.

Fedje er ei øykommune heilt nordvest i Hordaland. Nabokommunar er Øygarden, Radøy, Gulen. Kommunen har eit areal på 9,36 km<sup>2</sup>. Av dette er øya Fedje 7,6 km<sup>2</sup>, medan resten består av 124 holmar og skjær. Landskapet er småkupert og opent med lyngheier, myrar og småvatn. Her er låglendt, og det høgste punktet ligg berre 42 m.o.h. Nedbøren er omlag 1 300 mm i året, og det meste fell som regn. Vinden er nesten alltid tilstade, om vinteren ofte opp i kuling styrke.

Fedje er ein distriktskommune og ein kommune prega av fråflytting av ungdommen. Her er ein barne og ungdomsskule som er samla på same staden. Ungdommane går stort sett på vidaregåande skule i nabokommunen Austrheim. Fråflyttingsprosenten er stor og det er ei utvikling mot at ein stor del av busetnaden i kommunen er eldre. Dette har innverknad på kva type anlegg kommunen vil byggje.

## TAL PÅ INNBYGGJARAR

	TOTALT	0-15 ÅR	16-66 ÅR	67 ÅR +
1.1.90	730	149	453	128
1.1.96	689	135	421	133
1.1.98	672	136	394	142

STATISTIKK  
FRÅ 2003-2013

↓  
Ny  
statistikk

## Bakgrunn/ saksgang for planarbeidet.

I oppvekstkomitesak nr. 73/96 (19.11.96) vart det gjort slik samrøystes vedtak:

"Oppvekstkomiteen startar formelt opp arbeidet med ein kommunedelplan for idrett og friluftsliv. Rådmannen har det administrative ansvaret for planarbeidet.

Endeleg gjennomføring av nærmiljøanlegga på Fedje skule er planlagt gjennomført innanfor ein tiårsperiode. Symjehallen treng ei rehabilitering.

### **Kortsiktige prioriteringar over fire år**

1. Idrettssal med bane for basketball, volleyball, badminton, klatring. I denne salen vil det verta plass til mange fleire aktivitetar, men storleiken på banemåla og høgda under taka vil gje rom for basketball som den mest plasskrevjande idretten.

Total flate på bana er 21 x 32 meter = 672 m2 sal. Anslag pris: 9. 000. 000.

Nærmiljøanlegg ved Fedje skule:

2. Rullebrettbane, Anslag pris: 60.000

3. Ballbinge, anslag pris: 350.000

4. Hinderløype, anslag pris: 60.000

"Borg" på fjellet:

Rette opp skuleplassen og merke for aktivitet.

5. Rehabilitering av symjehall. Anslag pris: 200.000

6. Nærmiljøanlegg/friluftsanlegg: flåte utanfor badeplassen, ved badeplassen på Husavatnet. Anslag pris: 20.000

7. Friluftsanlegg/småbåthamn/badeplass/fiskeplass for funksjonshemma, som del av Nordsjøløypa, ved Stormark kai. Fedje kommune vil støtte Stormark båtforening ved bygging av anlegget.

8. Friluftsanlegg: Gapahuk i marka/tilknytning til Nordsjøløypa: Anslag pris: 20.000

### **Langsiktige prioriteringar**

Nærmiljøanlegg: klatrevegg, Fedje skule. Anslag pris: 50.000. Utbygger Fedje kommune.

Nærmiljøanlegg: Terrengsykkelbane ved fotballbana: 50 – 100.000. Utbygger Fedje kommune.

Utvikle vidare nærmiljøanlegg badeplassen ved Husavatnet. Utbygger Fedje kommune.

Nærmiljøanlegg: Leikeplass/nærmiljøanlegg på Svena Anslag pris 50.000